

MØTEBOK HALLINGTINGET
TID: 20. - 21. april 2023

STAD: Torpomoen, Ål kommune

Desse møtte på Hallingtinget:

<u>Hol kommune</u> Petter Rukke Sigrid Simensen Ilsøy Hanne Haatuft Martin Grøslandsbråten	<u>Hemsedal kommune</u> Pål Terje Rørby Richard Taraldsen Petter Owesen Norunn Rivedal
<u>Ål kommune</u> Lene Prestegard Jørund Li Solveig Løkensgard Arnegard Ivar Brevik Tore Bøygard	<u>Nesbyen kommune</u> Tore Haraldset Endre Storhaug Heidi Hovind Sezer Geir Olav Garthus Linda Støvik
<u>Gol kommune</u> Herbrand Jegleim Hilde-Kristin Buøen Øynebråten Camilla Larsen Hoftun Christian Ihlen Brunborg Hege Jensvoll	<u>Flå kommune</u> Merete Høntorp Gandrud Anette Heiplass Karen Johanne Gulsvik Tor Egil Buøen

Frå rådmannsutvalet møtte:

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk Gol kommune, Odd Egil Stavn Flå kommune, Stephan Gundersen Hemsedal kommune

Administrasjon Regionrådet

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Jorun Utne, Regionalutviklar

Frå Viken møtte:

 Olav Skinnes (Sp)
 Camilla Langedal (adm)

OPNING AV HALLINGTINGET V/FUNGERANDE RÅDSORDFØRER PÅL RØRBY

SAK 01/23 HALLINGHELSE 10 ÅR. ORIENTERING OM DRIFT OG TESTING AV UTSTYR

Dagleg leiar i Hallinghelse, Iselin Haugo Stavn orienterte om Kva Hallinghelse er og korleis det har utvikla seg dei 10 åra det har eksistert. Hallingtinget fekk deretter sjå øvingsposten, (Mobilt ferdighetsteam) fekk ei innføring i velferdsteknologi og ei orientering om miljøretta Helsevern

SAK 02/23 INNOVASJON HALLINGDAL. INNOVASJON I PRAKSIS

Adnan Helja orienterte om innovasjonssatsinga i Hallingdal og Hallingtindet fekk sjå litt av det utstyret som innovasjon Hallingdal tilbyr skulane å nytte. Det vart også tid til ein innovasjonsprat på Reodorrommet, samt høve til å teste VR briller og anna utstyr.

SAK 03/23 INFORMASJON FJELLNETTVERKET /V KARI RANDEN

Kari Randen orienterte om Fjellnettverket. Sjå presentasjon.

SAK 04/23 REKNESKAP 2022

Vedtak:

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2022. Underskotet på kr. 35 904,21 blir dekket av disposisjonsfondet.

SAK 05/23 ÅRSMELDING 2022

Vedtak:

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2022.

SAK 06/23 NTP, NYE BUSKERUD OG ANNA NYTT FRÅ VIKEN V/OLAV SKINNES

Olav Skinnes, Fylkesråd for samferdsel orienterte om NTP prosessen og om fylkesdeling. Sjå vedlegg

SAK 07/23 REGIONALT SAMFERDSELSARBEID VIDARE FRAMOVER

Vedtak:

1. Samferdselsutvalet i Hallingdal heldt førebels fram som i dag og skal påverke i NTP prosessen på kort sikt.
2. Dagleg leiar får i oppdrag å utarbeide ei sak som skal innehalde ei vurdering av kortsiktige og langsiktige løysingar på følgjande:
 - Behov for- og ev. finansiering av ein administrativ ressurs
 - Oppgåver for ei ev administrativ samferdselsstilling
 - Korleis skal næringsliv og organisasjonar involverast
 - Tverrpolitisk samansetning og organisering etter valet i haust
3. Saka skal behandlast i Regionrådet 26. mai 2023, før den blir sendt til kommunestyret i alle kommunane.

SAK 08/23 UTFORDRINGSBILDE OG MULIGHETER FOR FORSTERKET SAMARBEID I HALLINGDAL

Geir Vinsand frå NIVI analyse orienterte og kom med sine tankar om interkommunalt samarbeid og kva utviklingstrakk han ser for seg når det gjeld organisering av interkommunalt arbeid. Sjå presentasjon

SAK 09/23 SATS PÅ HALLINGDAL – KVA HAR SKJEDD SISTE ÅRET

Jan Olav orienterte om utviklingsprosjektet, kva som er satt i gong og kven som har fått midlar i 2022 og kva det skal satsast på i 2023. Sjå vedlegg

SAK 10/23 FELLES PROFILERING AV HALLINGDAL – HALLINGDAL.NO

Jorun Utne og Anne Nordheim la fram kva som er gjort til no i arbeidet med å samle felles profilering av Hallingdal. Det vart ikkje fatta vedtak i saka, men det vart gitt signal om følgjande

Dagens nettsider, hallingdal.no bør oppdaterast med informasjon om når sidene vil vera oppe att. På neste Hallingting er det ønskeleg med eksempel frå andre regioner og andre moglege løysingar for nettsida, inkludert estimerte kostnader: Kva løysingar kan vera aktuelle

1. Administrasjonen oppdaterar og vidarefører noverende nettside
2. Det blir oppretta ny 100% stilling som skal drifte sida, samt ny løysing for nettside med og sosiale medier.
3. Mellomting mellom alternativ 1 og 2: Ei ny nettside som som blir drifta av administrasjonen.

SAK 11/23 EVENTUELT

Etter Geir Vinsand sitt innlegg fremma Hanne Haatuft eit forslag til korleis ein kan følgje opp det Vinsand snakka om:

Vedtak

Hallingtinget ber om at det blir utarbeidd eit forslag til pilot for Hallingdal frikommune eller eit forslag til ein endra samarbeidsprofil i Hallingdal der ein ser på moglege nye samarbeidsformer innan helse, samfunnsutvikling eller anna. Forslaget skal møte dagens behov og utfordringsbilete og leggest fram til drøfting på neste Hallingting.

Hallingdal, 31. mai 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar